



KINN KOMMUNE

Reservevassforsyning Keipevatnet

LANDSKAPS- OG MILJØPLAN

12.12.2024



Innleiing

Detaljplanen er utarbeidd i samsvar med NVE krav i samband med at Kinn kommune har fått konsesjon på uttak av vatn i Keipevatnet til reservevassforsyning til Florø vassverk. Dette arbeidet omfattar leidningsgrøft i nedre del til sjøen og frå inntak i Keipevatnet til inntak for kraftverket.

Om konsesjonæren og anlegget

Konsesjonær	Navn: Kinn kommune		
	Kontaktperson: Kåre Aven	Tlf: 41530145	Epost: Kare.aven@kinn.kommune.no
	Adresse: Postboks 294, 6701 Måløy		
	Organisasjonsnummer: 820 956 532		
Informasjon om anlegget	Konsesjon: Regulering og uttak av vatn frå Keipevatnet		
	Anleggets navn: Vassforsyning Keipevatnet		
	Lokalisering: Nord for Norddalsfjorden i Kinn kommune		
Kontaktinformasjon byggefase	Kontaktperson miljø/landskap: Trygve Riste	Tlf: 992 79840	Epost: tjr@investconsult.no
	Prosjektleider -byggefase: Kåre Aven	Tlf: 415 30145	Epost: Kare.aven@kinn.kommune.no
	Byggeleiar: Kåre Aven	Tlf: 415 30145	Epost: Kare.aven@kinn.kommune.no
	Fagkompetanse miljø- og landskap: Trygve Riste	Tlf: 992 79840	Epost: tjr@investconsult.no
Kontaktinformasjon driftsfase	Kontaktperson miljø/landskap: Vert ettersendt	Tlf:	Epost:
	Dagleg leiar: Frode Ellingsund	Tlf: 992 54699	Epost: Frode.ellingsund@kinn.kommune.no


	Fagkompetanse miljø- og landskap: Vert ettersendt	Tlf:	Epost:
	Tilsynsperson/oppfølging miljø- og landskap: Vert ettersendt	Tlf:	Epost:

Lokalisering

Prosjektet er i Klauvevatnet/-elva i Kinn kommune og er ein del av leidningsanlegg for reservevassforsyning til Florø vassverk. Anlegget er under utbygging i samarbeid med bygging av kraftverk i vassdraget. Det føreligg godkjent detaljplan for fellesanlegg frå kraftverksinntak til kraftstasjon.

Planen her omfattar trasè frå kraftverksinntak til Keipevatnet og frå kraftstasjon til sjøen.

Kart over planlagd utbygging.



Framdriftsplan

Arbeidet er planlagt oppstarta våren 2025 og vil bli ferdigstilt til ca 1. oktober 2025, men arbeidet på trasèen ned mot sjøen kan bli utført haust/vinter 2024/2025.

Lokal orientering/nabovarsling

Det føreligg avtale om gjennomføring av prosjektet med alle grunneigarar.

Gjeldande vilkår og eventuelle endringar

Om konsesjonen, bakgrunnsnotatet og eventuelle endringer

Tema	Henta frå konsesjonsvilkår, NVE-notat til konsesjonen mm.	Kva består eventuelle endringea i?
Vilkår i konsesjonen	Det er gitt løyve til uttak av inntil 150 l/s og ei senking av Keipevatnet på inntil 2 meter.	
Inntak (kote/type)	Inntakssil i Keipevatnet på 25 meter djupne	
Rørtrasè	Inntaksleidning i Keipevatnet og leidning på land fram til kraftverksinntak. I tillegg er også rørtrasè frå kraftstasjonsområde til sjøkant inkludert i konsesjonen.	
Anleggsvegar	Det vil bli anleggsveg frå kraftverksinntak til Keipevatnet. Vegen vil bli utforma slik at den er køyrbar for ATV når anlegget er ferdig. Det vert også anleggsveg frå eksisterande jordbruksveg til sjøkant. Denne vil bli permanent etter avtale med grunneigarar.	
Massetak og massedeponi	Det er ikkje behov for massetak eller massedeponi	

Andre vilkår frå konsesjonsprosessen		
---	--	--

Fare- og problemområde for miljø og landskap

I konsesjon og i dokumentet «Bakgrunn for vedtak» er det gjort vurderingar omkring fare- og problemområde for miljø og landskap.

Det er ikkje spesielle område som har negative konsekvensar, men arbeidet må utførast i samsvar med krav i konsesjonsvilkåra. I tillegg til at grøftetrasèar skal utførast med god landskapstilpasning, er det spesielt nemnd at vegtrasè frå kraftverksinntak til Keipevatnet skal tilbakeførast til køyresterkt terreng. Vegtrasè er skissert på vedlagte plankart H03, men det kan bli mindre justeringar under anleggsarbeidet.

Ettersom Keipevatnet er reservevasskjelde, så vert det sjeldan tapping frå vatnet. Det betyr at vasstandsvariasjonar vil for det meste vere som i dag.

Beskrivelse av anlegget

Anleggsdelar

Dam og inntakskonstruksjon

Det vert ikkje etablert dam/inntakskonstruksjon for dette prosjektet.

Minstevassføring

Det er ikkje spesielle krav til minstevassføring for reservevassforsyninga. Det er ivarettatt av krav til kraftverket der det skal vere minstevassføring 30 l/s heile året.

Reguleringsmagasin

Det er gitt løyve til 2 m regulering av Keipevatnet.

Vassveg/rørgate

Plan for vassveg/rørgate er vist på vedlagte kart. For øvre del der grøfta skal passere moreneryggen ved utløpet av Keipevatnet, kan det bli aktuelt med endring av trasè avhengig av grunntilhøva.

For trasè i nedre del til sjøen, vil vassleidninga følgje kabelgrøfta til Linja (fellesgrøft). Trasè er fastsett i samråd med grunneigarar.

Anleggsvegar og riggområde

For dette prosjektet vil etablerte anleggsvegar i samband med kraftverket bli nytta. I tillegg må det byggast anleggsveg frå kraftverksinntaket til Keipevatnet. Trasè er skissert på vedlagte kart.

Det vert ingen nye riggområde her.

Masseuttak/massedeponi

Det er ikkje aktuelt med masseuttak/massedeponi. Overskotsmassar frå grøfta blir nytta til arrondering av terrenget i trasèen.

Inntak i Keipevatnet og trasè frå Keipevatnet til kraftverksinntak

Inntaksarrangement/-sil i Keipevatnet på 25 meters djupne.

Inntaksleidning Ø500 PE til inntakskum på morenerygg. Endeleg plassering av inntakskum er ikkje avgjort; er avhengig av grunntilhøva. På plankartet er det vist ca. plassering av inntakskum/-basseng. Inntakskum blir nedgravd, men vil ha eit overbygg på ca 3x3 m. Det vil ha ytterkledning av tre og nøytrale fargar på tak.



Foto: Eksempel på utforming av overbygg på inntakskum og evt.basseng/pumpestasjon..

Dersom det er djupt til fjell i den planlagte grøftetraséen, så er det aktuelt med ei anna løysing: bygge pumpestasjon ved Keipevatnet og med pumpeleidning til høgbrekk/toppen av moreneryggen. Her må det byggast kum/vasstank som fungerer som utjamningsbasseng for styring av pumper.


Dersom det vert bygd pumpestasjon så vil den ha eit overbygg på ca 3x3 meter og med ytterkledning av tre. Då vert det også naudsynt med bygging av utjamningsbasseng for styring av pumper. Det vil bli delvis nedgravd med ei grunnflate på ca 20m² og ei høgde på ca 2 meter over terreng. Bassenget skal ha betongveggar og saltak.

Arbeidet skal gjennomførast med minst mogleg terrenginngrep og arealet skal så langt som mogleg tilbakeførast til naturleg tilstand.

Evt. sprengningsarbeid skal foregå med dekning for å unngå spreining av sprengstein i terrenget.

Toppmassar som veksttorv, lyng og småbusker skal ein ta vare på og nyttast ved istandsetting av areal. Desse massane skal leggst til side slik at dei ikkje vert blanda med andre massar. Ved slutføring av terrengarbeidet skal toppmassen planerast jamnt utover berørt areal slik at terreng og vegetasjon framstår som mest mogleg naturleg.

Figuren nedanfor viser prinsipp for etablering av grøft.



Trasèen her er bratt. Det blir etablert anleggsveg langs trasèen og den vil bli nytta som tilkomstveg til Keipevatnet for t.d. ATV i driftsperioden. I tillegg vil det her bli etablert avskjerande grøft. Trasè for grøfta er skissert på vedlagte kartutsnitt, men det kan bli mindre justering her etter at vassføring i grunnen er lokalisert. Det er viktig å føre vatn herfrå og til kraftverksinntaket. Under anleggsperioden har vi registrert til dels stor vassføring frå dette området og ned til anleggsveg/grøftetrasè noko som kan medføre fare for erosjon og utvasking i grøfta. Grunnen her består hovudsakleg av blokkrik morene, så det meste av vassføringa er ikkje synleg i overflata.

Avgravde massar frå trasèen vil bli mellombels deponert og nytta til toppdekke etter at leidningsarbeidet er utført.

Trasè frå stasjonsområde til landtakskum

Trasèen her er fastsett i samråd med grunneigarar. Det blir anleggsveg langs grøfta og den vil bli permanent for tilkomst til landtakskum og planlagt brygge.

Steinmurar i trasèen vil bli bevart, evt. gjenoppbygd.

IK- vassdrag

Kinn kommune har eit overordna internkontrollsystem (Compilo). Fagsystem er Norkart FDV og Guard. Desse systema er gjeldande for utbygging og drift av vassforsyning og vil også vere gjeldande for reservevassforsyning Keipevatnet.

Forhold rundt anlegget

Naturfare

Tiltaksområdet ovanfor kraftverksinntaket ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang og snøskred, men det er ikkje registrert skred i området.

Grunneigar er bekymra for stabiliteten til moreneryggen ved utløpet av vatnet dersom vatnet fløymer over den. Anlegget omfattar ikkje tiltak for å sikre moreneryggen mot overtopping. Det må vurderast særskilt.

Ettersom vassleidninga skal førast forbi moreneryggen, så må det utførast slik at ikkje er fare for erosjon av massar her. Det vil difor bli gjort undersøkingar for å fastsette trasè på sida av ryggen. Det betyr at det må vere fjellgrøft og at det blir bygd stengsel/betongvegg i grøfteprofilen for å unngå lekkasje her.

Alternativt vert det etablert pumpestasjon ved Keipevatnet for å unngå djup grøft gjennom moreneryggen.

Klimatilpasning

For dette anlegget er det lite aktuelt med vurdering av spørsmål om klimatilpasning.

Naturmangfoldloven

I NVE sin bakgrunn for vedtak står følgjande:

Etter NVE si vurdering forelegg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfoldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Kantvegetasjon

Omtale av kantvegetasjon er lite relevant for dette prosjektet.

Forholdet til andre myndigheter/lover

Plan- og bygningsloven

I kommuneplanen er området avsett som LNRF-areal.

Kulturminneloven

Det er ikkje automatisk freda kulturminne som kan verte påverka av tiltaket, jfr. korrespondanse i samband med konsesjonssøknad.

Forurensningsloven

Anleggsarbeidet vil ikkje medføre forureining som vil kreve spesielt løyve.

Drikkevannsforskriften

Det er ikkje drikkevassuttak som kan bli påverka av utbygginga.

Mineralloven/-forskriften

Ikkje aktuelt her.

Motorferdselloven

Ikkje aktuelt her.

Veglova

Ikkje aktuelt her.

Reindrifftsloven

Ikkje aktuelt her.

VEDLEGG:

H01: Oversiktskart

H02: Kartutsnitt nedre del

H03: Kartutsnitt øvre del

H28: Illustrasjon 3D